



Reknes Byggjevarer LI  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/17525 - 20/79219

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
11.12.2020

## Løyve til riving av lòa - gbnr 343/4 Ryland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1350/20  
**Tiltakshavar:** Einar Danielsen  
**Ansvarleg søkjar:** Reknes Byggjevarer LI  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for riving av lòa på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket som skal rivast er vist i situasjonsplan datert 05.10.20 motteke 27.10.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

1. Sluttrapport for avfallsplan skal sendast inn med kvitteringar for innlevert avfall.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eldre lòa med samla bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 162 m<sup>2</sup>.

Søkjar beskriv tiltaket slik:

#### REDEGJØRELSE:

Låven står kraftig for nedfalls, og eier ønsker å få revet løen. Slik den står nå, er den i så dårlig stand at den kan være en fare for omgivelsene. Se vedlagte bilder.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.10.20.



### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken.

Sakshandsamingsfristen er 12 veker for ett-trinnsøknaden som krev uttale frå Vestland fylkeskommune før riving.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som bustadføremål B\_11. I tillegg ligg tiltaket i omsynssona Landbruk og løa er SEFRAK-registrert.



### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Landbruksavdelinga i Alver kommune den 19.11.20:

Landbruksavdelinga har sett på kart og bilete og utfrå tilstanden til løa ser det ut som at riving er ei fornuftig avgjerde. Sidan arealet er avsett til gult (byggjeområde) i kommuneplan vert ikkje dette omfatta av bestemmelsane i jordlova (§ 9 og 12) og det er difor ingen heimel til å nekta riving med bakgrunn i landbruksregelverket.

Landbruk har difor ingen merknader til at det vert gitt tillatelse til riving av løe.

Det er henta inn uttale frå Kulturavdelinga i Alver kommune den 24.11.20:

Løa er ei grindverksløe frå tidleg 1900-talet (Sefrak seier 1906, Norske gardsbruk seier 1916). Arild Sætre frå Kulturverntenesta i Nordhordland var på synfaring 20. november for å vurdere om det var bygningsdelar som var eldre enn byggeår. Konklusjonen frå synfaringa var at alle grindane ser ut til å vera frå byggjeår. På bakgrunn av tilbagemeldinga frå kulturverntenesta etter synfaringa har me ingen merknader til at det vert gjeve løyve til riving.

Det er registrert ein funnstad for fiskesøkke ved det eine hjørnet på løa (ID-226106-1). I Askeladden har dette kulturminnet vernestatus uavklara. Det bør avklarast med seksjon for kulturarv om dei har merknader til tiltaket.

Det er henta inn uttale frå Vestland fylkeskommune ved avdelinga for Kultur, idrett og inkludering den 10.12.20:

Det er funnet ett løsfunn i form av ett fiskesøkke tett ved østre kant av fjøset (Askeladden id. 226106). Denne konkrete saken gjelder riving av eksisterende løe, og det skal ikke gjennomføres tiltak i grunnen utover løa sitt fotavtrykk. Potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminner vurderer vi derfor som å være lågt. Vi har derfor ingen merknader til saken.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 05.10.20, motteke 27.10.20.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

### **Tilkøyst, avkøyrslø og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan.

### **VURDERING:**

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Ansvarsrettar**

Tiltakshavar har søkt om personleg ansvarsrett for riving av løa. Kommunen kan godkjenne tiltakshavar for ansvarsrett for PRO miljøsanering og UTF for riving om miljøsanering som sjølvbyggjar for tiltaket med BRA på 162 m<sup>2</sup>. Gjennomføringsplan

med erklæringar om ansvarsrett er motteke her 27.10.20. Reknes byggjevarer har erklært ansvar for søkjarfunksjon i saka.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/17525**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gjennomføringsplan.pdf  
SITUASJONSPLAN LØE.pdf

**Kopi til:**

Einar Danielsen	Ryland 77	5917	ROSSLAND
-----------------	-----------	------	----------

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND
-----------------------	----------------------	------	-----------